



KOMMISJONEN FOR
GJENOPPTAKING AV STRAFFESAKER

**SKJEMA FOR
KRAVSMÅL OM GJENOPNING**

Utfylt skjema med eventuelle vedlegg skal sendast til:

**Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker
Postboks 2097 Vika
N-0125 Oslo**

Dersom du treng hjelp til å fylla ut skjemaet, kan du ta kontakt med kommisjonen:

**Telefon: 22 40 44 00
E-post: post@gjenopptakelse.no
Internett: www.gjenopptakelse.no**

LES DETTE FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

Kort om utfylling av skjemaet

Prøv å svara på alle spørsmåla i skjemaet. I punkt 16 bør du kort opplysa om kva for grunnar du har for at saka bør gjenopnast, og du kan gjerne skriva dette på eit eige ark som du legg ved. Før du fyller ut skjemaet, lyt du ha tenkt gjennom følgjande spørsmål:

- Er du dømt i ei straffesak i Noreg?
- Er domen rettskraftig? (dvs. at ankefristen har gått ut utan at du har anka, at du har vedteke domen eller at anken er behandla ferdig).
- Meiner du at det er gjort feil som kan ha følgjer for spørsmålet om skuld eller straffutmåling?
- Er desse feila noko nytt som ikkje vart nemnd då domstolen handsama saka di?

Hjelp frå advokat eller privat etterforskar?

Du treng ikkje advokat for å fremja kravsmål om gjenopning, men du har rett til å søkja hjelp hjå advokat på kvart trinn i saka. Vi vil rettleia deg dersom du treng det, og vi kan òg hjelpa deg med utfylling av dette skjemaet. Oppnemning av forsvarar som det offentlege dekkjer kostnadane for, finn berre stad når særlege grunnar talar for det. Ettersom kommisjonen har ei sjølvstendig utgreiingsplikt, er det heller ikkje naudsynt å nytte privat etterforskar.

Vidare saksgang

Når vi har motteke utfylt skjema frå deg, vil vi registrera kravsmålet ditt om gjenopning og henta inn dei opplysningane som er naudsynte for å ta stilling til om det er grunnlag for å gjenopna saka. Kommisjonen har teieplikt. I nokre saker kan det vera naudsynt å henta inn opplysningar frå til dømes den forsvararen du har hatt under straffesaka, frå fengselspresten eller sosialsekretæren i fengselet. Sjå side 10 i dette dokumentet. Dersom du ikkje har advokat, vil vi som hovudregel ta kontakt med deg for å avtala tidspunkt for ein innleiande samtale der vi kan gå nærmare gjennom kjensgjerningane i saka og kravsmålet ditt om gjenopning.

Tilhøvet til den/dei fornærma

Dersom kravsmålet ditt ikkje blir forkasta, men teke vidare til ny utgreiing, vil den/dei som eventuelt er fornærma (eller dei etterlatne) bli varsla om at du har bede om gjenopning av saka. Den/dei fornærma og dei etterlatne har då rett til innsyn i dokumenta og til å uttala seg, og dei kan be om å få forklara seg for kommisjonen. Den/dei fornærma og dei etterlatne skal òg orienterast om utfallet når kommisjonen har avgjort saka.

Aktuelle føresegner i straffeprosesslova

På siste side i dette skjemaet er det teke inn nokre aktuelle føresegner som gjeld gjenopning av straffesaker. Har du spørsmål, må du gjerne ta kontakt med kommisjonen, og ein av dei tilsette vil rettleie deg.

Del 1: Personalia

1 Fornamn, mellomnamn	
2 Etternavn	

Dersom du er kjent eller har vore kjent under andre namn, ber vi deg svare på spørsmål 3 og 4.

3 Fornamn, mellomnamn	
4 Etternavn	

5 Fødselsnummer (11 siffer)	
--	--

6 Bustad	
• Gate	
• Stad	
• Telefon	
• Mobiltlf.	

7 Dersom du sonar i fengsel eller er ved annan institusjon	
• Adresse	
• Stad	
• Telefon	
Permisjonstid	
Tidspunkt for frigiving på prøve	

Del 2: Blir du representert av nokon?

Dersom ein organisasjon eller ein person som ikkje er advokat skal søkja kommisjonen om gjenopning på dine vegner, må det leggjast ved ei skriftleg fullmakt frå deg som viser at du gir løyve til dette.

8 Namn på person, advokat eller organisasjon som hjelper deg med denne saka.	
9 Adresse og telefon til dei som eventuelt representerer deg.	

Del 3: Opplysningar om dom og kravsmål om gjenopning

10 Det er ønskjeleg med opplysningar om kva for domstol/domstolar som har behandla saka di. Marker dette i dei aktuelle rubrikkane:


Domstol	Kryss av	Dato	
Høgsterett			
			Kva for ein / kor
Lagmannsrett			
Tingrett (By- eller heradsrett)			
Politidistrikt (som etterforska saka)			

11 Kva vart du dømt for?	
12 Kva lengde var det på straffa?	
13 Er du innkalla til soning – når og kvar?	
14 Dersom det var nokon medtala i saka, ver god å gje opp namn	

15 Kva gjeld kravsmålet om gjenopning		
Både skuldspørsmål og straffeutmåling	Kryss av	
Skuldspørsmålet	Kryss av	
Straffeutmålinga	Kryss av	

Gjer greie for - så langt du kan – kva for grunnar du meiner talar for at saka di skal gjenopnast, sjå orienteringsarket som er lagt ved.

16 Grunngevinga di for at saka bør gjenopnast:



16 Grunngevinga di for at saka bør gjenopnast held fram:

Dersom dette ikkje er nok plass, kan du skriva på eige ark som du legg ved dette kravsmålet.

Vart noko av det du skreiv i dette punktet teke opp under handsaminga av saka di i domstolen? Kryss av:	JA	NEI
--	-----------	------------

Del 4: Anke

Det er ønskeleg med informasjon om du tidlegare har anka saka:

17 Kryss av dersom du har anka over skuldspørsmålet	
18 Kryss av dersom du har anka over straffeutmålinga	
19 Kryss av dersom det vart ei ankehandsaming	

20 Dersom du ikkje anka domen i den saka du nå ønskjer gjenopna, gjer greie for kvifor:

Dersom dette ikkje er nok plass, skriv på eige ark som du legg ved dette kravsmålet.

Del 5: Særlege omstende

21 Vi vil gjerne vita om det er særlege omstende knytt til kravsmålet ditt, til dømes helsa di eller helsa til personar involverte i saka, eller om det er prov som kan gå tapt. Gje ein omtale av dette i rubrikken nedanfor.

Del 6: Tidlegare kravsmål om gjenopning

22 Har du bede om gjenopning for domstolen i same sak?	Ja /Nei	Dato:	Domstol:
---	----------------	--------------	-----------------

23 Har du tidlegare bede om gjenopning for Gjenopptakingskommisjonen?	Ja / Nei	Dato:	Ref. nr hjå kommisjonen
--	-----------------	--------------	--------------------------------

Del 7: Vedlagt dokumentasjon

24 Før opp dei dokumenta du legg ved dette kravsmålet. Det er fint om du kan leggja ved dei dokumenta du har i denne saka, særleg domer, anken og eventuelt tidlegare kravsmål om gjenopning.	Kor mange sider

Del 8: Advokatar

25 **Kommisjonen treng opplysningar om namn og adresse til alle dei advokatane du har nytta i saka til no**

Namn	Adresse og telefon

Dersom det ikkje er nok plass her, skriv på eige ark som du legg ved dette kravsmålet.

Del 9: Fråsegn

Eg ønskjer at Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker skal vurderer kravsmålet mitt om gjenopning. Eg veit at dette inneber at kommisjonen vil henta inn, registrera og ta vare på naudsynt materiale og informasjon om saka mi, og eg gjev kommisjonen samtykke til dette.

Signatur	
-----------------	--

Dato/Stad	
------------------	--

Del 10: Fråsegn om fritak frå teieplikta

For å kunne greia ut saka utførleg kan det hende at Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker må henta inn informasjon frå den eller dei advokatane du har nytta før under hovudforhandling og ankehandsaming. Dette vil ha til følge at kommisjonen må ha tilgang til saksmappa di hos advokaten din/advokatane dine, medrekna eventuelle dokument i samband med førebuinga som advokaten har gjort i saka og eventuelle notat frå konfidensielle samtalar mellom deg og advokaten din.

For å frigjera denne typen informasjon som kommisjonen treng, må du løysa advokaten din/advokatane dine frå teieplikta hans/deira.

Dersom du er villig til å gje samtykke til dette, ber vi deg signera i rubrikken under. Dette vil gje advokaten/advokatane rett til å gje naudsynt informasjon til Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker.

Signatur	
-----------------	--

Dato/Stad	
------------------	--

Vidare vil det i einskilde saker kunne vera naudsynt å snakka med fengselspresten eller sosialsekretæren i fengselet om konfidensielle samtalar dei har hatt med deg. Andre personar og / eller institusjonar vi vil kunne ha trong til å snakke med, er sosialkontoret, barnevernet, psykolog, psykiater og lege, eller andre instansar du har trudd deg til eller fått profesjonell hjelp frå i denne saka. Dersom dette blir naudsynt, vil vi ta kontakt med deg og be deg gje skriftleg samtykke til dette.

Nokre aktuelle paragrafar som gjeld gjenopning i straffeprosesslova:

§ 390. Gjenåpning kan kreves når en dommer eller et lagrettemedlem som har deltatt i behandlingen av saken, etter loven var utelukket fra dommerstillingen eller ugild, og det er grunn til å anta at dette kan ha hatt betydning for avgjørelsen.

Gjenåpning kan likevel ikke kreves av en part som har eller kunne ha gjort feilen gjeldende under saken.

§ 391. Til gunst for siktede kan gjenåpning kreves:

- 1) når dommer, lagrettemedlem, protokollfører, tjenestemann i politi eller påtalemyndighet, aktor, forsvarer, sakkyndig eller rettsstolk har gjort seg skyldig i straffbart forhold med hensyn til saken, eller et vitne har gitt falsk forklaring i saken, eller et dokument som er brukt under saken er falsk eller forfalsket, og det ikke kan utelukkes at dette har innvirket på dommen til skade for siktede,
- 2) når en internasjonal domstol eller FNs menneskerettskomité i sak mot Norge har funnet at
 - a) avgjørelsen er i strid med en folkerettslig regel som Norge er bundet av, og ny behandling må antas å burde føre til en annen avgjørelse, eller
 - b) saksbehandlingen som ligger til grunn for avgjørelsen er i strid med en folkerettslig regel som Norge er bundet av, hvis det er grunn til å anta at saksbehandlingsfeilen kan ha innvirket på avgjørelsens innhold, og gjenåpning er nødvendig for å bøte på den skade som feilen har medført.
- 3) når det opplyses en ny omstendighet eller skaffes frem et nytt bevis som synes egnet til å føre til frifinnelse eller avvisning eller til anvendelse av en mildere strafferegulering eller en vesentlig mildere rettsfølge. I sak hvor det ikke er idømt frihetsstraff, overføring til tvungent psykisk helsevern etter straffeloven § 39, tvungen omsorg etter straffeloven § 39 a eller rettighetstap, kan det ikke påberopes nye opplysninger eller bevis som vedkommende burde ha gjort gjeldende på et tidligere tidspunkt.

§ 392. Selv om vilkårene i §§ 390 eller 391 ikke er til stede, kan gjenåpning til gunst for siktede besluttes når Høyesterett har fraveket en lovtolkning som den tidligere har lagt til grunn, og som dommen bygger på.

Det samme gjelder når særlige forhold gjør det tvilsomt om dommen er riktig, og tungtveiende hensyn tilsier at spørsmålet om siktetes skyld blir prøvd på ny.

§ 397. Kommisjonen har plikt til å veilede den som begjærer gjenåpning, slik at han eller hun kan vareta sitt tarv best mulig. Kommisjonen skal av eget tiltak vurdere om siktede har behov for veiledning.

Kommisjonen kan oppnevne offentlig forsvarer for siktede når særlige grunner tilsier det. Reglene i §§ 101-107 gjelder i så fall tilsvarende. Kommisjonen kan oppnevne bistandsadvokat for fornærmede etter reglene i §§ 107 a-107 d så langt de passer. Kommisjonens beslutninger etter § 78 andre ledd om godtgjørelse til forsvarer og bistandsadvokat er endelige.

Gjelder begjæringen en avgjørelse som etter sin art ikke kan gjenåpnes, eller inneholder den ingen grunn som etter loven kan føre til gjenåpning, kan kommisjonen uten nærmere behandling forkaste begjæringen etter reglene om kjennelse. Det samme gjelder hvor begjæringen av andre grunner åpenbart ikke kan føre frem. Avgjørelsen kan tas av kommisjonens leder eller nestleder. Når en avgjørelse etter første punktum ikke byr på tvil, kan den treffes uten annen begrunnelse enn en henvisning til bestemmelsen her.

Dersom begjæringen ikke forkastes etter reglene i tredje ledd, forelegges den for den annen part. Dersom den foreløpige prøvingen bygger på andre opplysninger enn dem som fremgår av begjæringen, skal også disse forelegges for partene til uttalelse før avgjørelsen treffes. Dette gjelder likevel ikke opplysning som siktede ikke har rett til å gjøre seg kjent med etter § 264, eller som stammer fra parten selv.

Kommisjonen underretter fornærmede og etterlatte i lovbestemt rekkefølge om begjæringen, med mindre den forkastes etter tredje ledd. Fornærmede og etterlatte i lovbestemt rekkefølge skal gjøres kjent med sin rett til dokumentinnsyn, til å uttale seg og til å be om å avgi forklaring for kommisjonen, samt muligheten til å få oppnevnt bistandsadvokat.